



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 29.11.2018
Møtestad: Møterom 3
Møtetid: 14.00 - 16.50

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 20.11.18 og møtet var kunngjort i pressa 07.11.18.

Stian Lavik kom kl. 15:05 og gjekk kl. 16:30 og var til stades ved orienteringane.

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sak 45 – 52.

Ordførar orienterte om status og arbeidet i Fellesnemnda.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Utvalseiar
Klara Hansen		Nestleiar
Stian Lavik		Medlem
Olaug Tveit		Medlem
Klara Mongstad		Medlem
Helge Nygård		Varamedlem
Jon Vidar Sakseide		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Astrid Anne Fjeldstad	
Erling Rønnestad	

Desse møtte frå administrasjonen: Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen til sak 49 og kommuneplanleggar Kristin Nåmdal til sak 52.

Protokollførar: Randi Hilland

3. desember 2018

Sigurd Knudsen

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
45/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
46/2018	Godkjenning av møtebok
47/2018	Referatsaker
48/2018	Aktuelle saker
49/2018	Framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022
50/2018	Møteplan 2019
51/2018	Orientering om status utvikling av Frekhaug og Langelandskogen
52/2018	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
53/2018	Eldrerådskonferansen i Hordaland 2018

45/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

29.11.2018 ELDRERÅDET

ER - 45/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

46/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

29.11.2018 ELDRERÅDET

Prorokollmerknad: I møtebok under referatsaker står det at ordførar kjem på neste møte som er 29. oktober, rett dato er 29. november.

Feilen er retta opp i møteprotokoll og møtebok.

ER - 46/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møtebok frå møte 25.10.18 vert godkjent med ovannemnde merknad.

47/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

29.11.2018 ELDRERÅDET

Jon Vidar Sakseide refererte frå møte i Utval for drift og utvikling.

Klara Hansen og Sigurd Knudsen referte frå møte med ordførar:

- Politkarane går ikkje inn for å stenge rom på sjukeheimen
- Møteplan for 2019
- Kor lenge skal råd og utval fungere i Meland?

Klara Mongstad og Olaug Tveit refererte frå seminar om omsorgsteknologi på Nordhordland folkehøgskule i november

ER - 47/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane og orienteringane vert tekne til orientering.

48/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

29.11.2018 ELDRERÅDET

Det vart ikkje teke opp aktuelle saker.

ER - 48/2018 VEDTAK:

49/2018: Framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg:

29.11.2018 ELDRERÅDET

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte i eit sammøte med RMF og ungdomsrådet.

ER - 49/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet sluttar seg til formannskapet sitt framlegg. Det er eit stramt budsjett, men det er det beste ein kan få til slik den økonomiske stoda er.

50/2018: Møteplan 2019

Rådmannen sitt framlegg:

29.11.2018 ELDRERÅDET

ER - 50/2018 VEDTAK:

Møtedatoar 2019:
torsdag 21. februar
torsdag 9. mai
torsdag 13. juni
torsdag 19. september
torsdag 5. desember

Alle møta tar til kl. 14:00.

51/2018: Orientering om status utvikling av Frekhaug og Langelandskogen

Rådmannen sitt framlegg:

25.10.2018 ELDRERÅDET

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal var forhindra frå å kome og orientere.
Eldrerådet vedtok å utsetje saka.

ER - 42/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett.

29.11.2018 ELDRERÅDET

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal orienterte.

ER - 51/2018 SAMRØYSTESVEDTAK:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

52/2018: Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg:

29.11.2018 ELDRERÅDET

ER - 52/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet i Alver har ni medlemmer, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen. I Meland er det ikkje pensjonistlag, slik at frå Meland kjem Meland helselag med framlegg til medlemmer. Eldrerådet vel leiar og nestleiar.

Ved etablering av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må kome frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk.

Dei tre som vert valt frå medlemmene i Alver kommunestyre må og representere underutvala i kommunen (areal, plan og miljø, oppvekst og helse og omsorg).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandle alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan kome med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syte for at rådsmedlemmene får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.

Eldrerådet bør ha like mange møte som kommunestyret.

Reknar og med at det vert utarbeidd forskrift frå departementet.

53/2018: Eldrerådskonferansen i Hordaland 2018

Rådmannen sitt framlegg:

06.09.2018 ELDRERÅDET

ER - 33/2018 VEDTAK:

Sigurd Knudsen vil ta del begge dagane.

29.11.2018 ELDRERÅDET

Det kom framlegg om å utsetje saka.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 53/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.
